



Vang kommune

Thea Sandsengen

Dykkar ref.:

Vår ref.:

AAEEMI-2022004669 -3

Arkiv:

GBNR-53/1, K2-L42

Vår dato:

17.08.2026

Saksnr.	Utval
152/26	Hovudutval for utvikling

Løyve til tiltak - Garasje

Tiltak: Garasje
Byggjestad: Gbnr: 53/1 Kvamsronvegen 11
Tiltakshavar: Thea Sandsengen

Vedtak

Vang kommune godkjenner søknad om løyve til oppføring av ny garasje på gnr. 51 bnr. 1

Du må oppfylle desse vilkåra for at vedtaket skal gjelde:

- Tiltaket skal plasserast i tråd med godkjent situasjonsplan, med journaldato 05.08.2026, jf. pbl. § 28-4.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-4.

Saksopplysningar

Vang kommune fekk søknad om oppføring av ny garasje på eigedomen med gnr. 53 bnr. 1 den 05.08.2026. Eigedomen ligg i kommuneplanens arealdel. Ny garasje har eit bebygd areal (BYA) på 70 kvm. Søknaden inneheld naudsynnte teikningar. Tiltaket er ikkje nabovarsla, og kommunen vurderer at det ikkje er naudsynt å nabovarsle, da tiltaket ikkje rører ved interessene til naboane.

Vurdering

Eigedomen er ein landbrukseigedom, garasje for bilar er ikkje nemnt under det som blir rekna som landbruksbygg, jf. punkt 4.2 i arealdelen. Det blir likevel vurdert som urimeleg å krevje at det skal søkjast om dispensasjon frå arealføremålet for å føre opp ein garasje for bilar på landbrukseigedommar, på lik line med spreidde bustader i LNFR. Omsøkte tiltak blir difor vurdert til å vere i tråd ned føremål og føresegner i kommuneplanens arealdel.

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 05.08.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

- Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
- Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
- Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
- Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
- Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
- Du/de kan ikkje ta i bruk bygningen/tiltaket før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl. § 21-10.

Du kan klage på dette vedtaket

Eventuell klage må leverast skriftleg til kommunen innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Dersom kommunen ikkje tek klaga til følge, blir klaga send vidare til Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd.

Gebyr

Du må betale eit gebyr på kr 8 360, jf. Vang kommune sitt gebyrregulativ. Faktura blir ettersendt.

Med helsing

Emilie Aaen

Saksbehandlar bygg og tilsyn

Dir. tlf.: 418 76 349

E-post: emilie.aaen@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.